

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2015/1941-28

**Saksbehandlar**

Gunn Tove Petterteig

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

## Planprogram for Husnes som regionsenter – utlegging høyring og offentleg ettersyn

### Innstilling frå rådmannen:

1. Kvinnherad formannskap vedtek at framlegg til planprogram for temaplan for Husnes som regionsenter vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jf. Plan og bygningslova §5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

### Saksutgreiing:

20/8.2015 gjorde formannskapet i Kvinnherad vedtak om å vidareutvikla regionsenteret Husnes. Det vart bestemt at prosjektet skulle gjennomførast som eit planprogram for ein temaplan. Planprogrammet vart utarbeidd i samsvar med plan og bygningslova § 4-1, Planprogrammet er ein «plan for planen», eit dokument der ein finn føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og trong for utgreiingar. Sjølve planen for Regionsenter Husnes er tenkt som ein temaplan heimla i Plan og bygningslova § 11-1.

Arbeidet med planprogrammet starta våren 2017, og gjennom året vart det arrangert eit folkemøte, gruppearbeid og ei undersøking for å forankra planarbeidet hos innbyggjarane, sikra engasjement og ta med viktige moment inn i det vidare planarbeidet. I tråd med Plan og bygningslova § 4-1 vert forslaget til planprogram fastsett etter vedtak i kommunestyret og sendt på minimum 6 vekers høyring og offentleg ettersyn. Formannskapet tek stilling til om sjølve planen skal lagast samstundes som planprogrammet vert fastsett.

Styringsgruppe for planprogrammet er formannskapet.

Prosjektgruppa er sett saman av kommunalt tilsette med plankompetanse, vegkompetanse og administrativ kompetanse. I tillegg er Kvinnherad næringssservice representert med sin kompetanse. Denne gruppa har styrt prosessane som har blitt brukt og skal brukast i arbeidet med planprogrammet.

Referansegruppa er samansett av mange ulike organisasjonar, idrettslag, større bedrifter som er knytt til Kvinnherad, fylkeskommunale tenester, kultursenteret, politiet, Husnes vekst og Rosendal utvikling i tillegg til kommunen sine råd- eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma.

Dette planprogrammet og planarbeidet har forankring i Regional plan for attraktive senter i Hordaland som vart vedteken 10.12.2014. Planen har som hovudmål at Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som skal fremja livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentera skal leggja til rette for vekst i heile fylket.


Kvinnherad kommunestyre vedtok 22.09.2016 at det skulle utarbeidast ein kommunedelplan for utvikling av Husnes som regionsenter og at det i første omgang skulle gjennomførast eit forprosjekt/ delprosjekt som omfatta utarbeiding av eit planprogram, med eit kostnadsramme på 500 000 kr.

Rådmannen søkte då regionalavdelinga i fylket om støtte til prosjektet og fekk tilslag på 200 000 kr. Sluttsommen for utarbeiding av planprogrammet er kostnadsrekna til vel 425 000 kroner. Inkludert i dette ligg mange gode innspel (via elektronisk spørjeundersøking, oppstartsmøte med innleigt føredragshaldarar og kreative prosessar via gruppearbeid) som vil bli tatt med vidare i sjølve planen.

I prosessen med planprogrammet er det søkt ytterlegare om støtte til eit mulighetsstudie for «trafikk» i og rundt Husnes sentrum der kommunen fekk 200 000 kr i tillegg fekk kommunen 100 000 kr for å sjå på miljøvennlege konkrete prosjekt som kan nyttast i kommunal og privat regi knytt til regionsenteret. I tillegg har kommunen fått positive tilbakemeldingar med omsyn til eit nytt mulighetsstudie som rettar seg mot møteplassar i Husnes sentrum. Desse prosjekta kan takast med under utarbeiding av sjølve planarbeidet seinare.

Alt planarbeid tek tid. Gode merknadar, innspel og løysingar skal kunna takast inn og vurderast før den endelege planen blir vedtatt. Det er sett eit tidsperspektiv på vel eit år frå vedtak av planprogrammet til vedtak av sjølve planen er gjort.

### Prosess og framdrift



#### Økonomisk konsekvens:

Det vil event. bli brukt kommunale ressursar til planarbeidet.

#### Miljømessig konsekvens:

Planprogrammet omtalar dette temaet.

Vedlegg:

- Planprogrammet for Regionsenteret Husnes
- Samanfating av svar frå respondentar
- Spørsmål i undersøkelsen